



Universitetet
i Stavanger

Tuastad, S. (2012) Multikulturalisme og skuldtyranni. *Nytt Norsk Tidsskrift*, 29(4), pp. 434-438

Lenke til publisert versjon:

[http://www.idunn.no/ts/nnt/2012/04/multikulturalisme_og_skuldtyranni?
highlight=#highlight](http://www.idunn.no/ts/nnt/2012/04/multikulturalisme_og_skuldtyranni?highlight=#highlight) (Det kan være restriksjoner på tilgang)



UiS Brage
<http://brage.bibsys.no/uis/>

Denne artikkelen er gjort tilgjengelig i henhold til utgivers retningslinjer.
Det er forfatternes siste upubliserte versjon av artikkelen etter fagfellevurdering, såkalt postprint.
Dersom du skal sitere artikkelen anbefales det å bruke den publiserte versjonen



MULTIKULTURALISME OG SKULDTYRANNI

Svein Erik Tuastad, svein.tuastad@uis.no.

«The whole world hates us, and we deserve it: that is what most Europeans think, at least in Western Europe», hevdar den franske nyfilosofen Pascal Bruckner ([2006] 2010: 6). Skuldkjensla vert ein indre tyrann i europearen. Mellom dei offergruppene som står klare for å utnytte han, er meir eller mindre rabiate islamistar. I siste *Nytt Norsk Tidsskrift* presenterer Nils Rune Langeland (2012a) ein norsk variant av tankesettet om skuldtyranni. I følgje Langeland er Holocaust-senteret på Bygdøy «ein av mange institusjonar som arbeider med å byggje ein transnasjonal skuldsivilisasjon for å legitimere innvandringa til Vesten» (Langeland 2012b). Langelands analyse av Holocaust-senteret fell inn i ei større idéhistorisk argumentasjonsrekke om korleis multikulturalistisk politisk filosofi saman med den historiske fortolkinga av Holocaust tar viljen og evna til å fremje etnisk-kulturell patriotisme frå dei vestlege elitane. Langeland føreset to årsakssamanhangar. Den første årsakssamanhengen har denne formelen: Minnekulturen om Holocaust pluss multi-kulturalistisk ideologi framhevar nasjonalstatens latente folkemordspotensial. Det har skapt ein skuldsivilisasjon (1). Den andre årsakssamanhengen er at skuldsivilisasjonen fører til at vestlege land som Noreg godtar meir innvandring frå fattige land, og at det vert suspekt å skulle fremje sitt eige lands særeigne kultur (2).¹ Kor haldbart er denne historieskrivinga?

Stortingsdebatten om Holocaust-senteret

Dersom førestellinga om ein skuldsivilisasjon berre galdt opprettinga av Holocaust-senteret isolert, ville ein analyse av stortingsdokumenta i saka kunne støtte opp om ho. I stortingsdebatten 11. mars 1999 om erstatning til jødane taler fleire av representantane om därleg samvit på nasjonens vegne, og svgs Erik Solheim trekk inn politiets kollaborasjon (Stortingstidende 1999: 2318). Haldningane til stortingsrepresentantane passar slik godt med Langelands framstelling og årsaksanalyser. Nazistanes ugjerningar retta seg særleg mot ei etnisk og religiøs gruppe, og dei hadde norske medhjelparar. Det gir det politiske nivået ei kjensle av skuld: Multikulturalismeaspektet kopla til Holocaust-minnet fører til skuldmoralitet (jf. 1). Og så i neste omgang: Politikarane gir ei kollektiv erstatning på 250 millionar slik at det jødiske folk kan styrke sin religion og kultur i den potensielt farlege nasjonalstaten: Skuldsivilisasjonen fører til meir multikulturalisme (jf. 2).

Men denne historieframstellinga må nyanserast ein tanke. I debatten er ikkje erstatningane grunngjeve med ei erkjenning av kollektivt medansvar for

ugjerningane. Det primære er at jødar fekk altfor lite tilbake i dei individuelle oppgjera etter krigen. For det andre, når det gjeld kollektiv erstatning uttrykkjer statsråd Dagfinn Høybråten (KrF) den utbreidde tankegangen idet han viser til at heile familiar vart utsletta slik at det ikkje var nokon att til å ta imot individuell erstatning. «Det er på denne bakgrunn naturlig med et økonomisk oppgjør i form av en bevilgning til felles-jødiske formål, både nasjonalt og internasjonalt» (Stortingstidende 1999: 2320). Det er brei semje om at ein nyttar høvet til å styrke føresetnadane for jødisk kulturutfalding. Ein treng korkje vere multikulturalist eller tynga av tanken på nasjonalstatens valdspotensial for å konkludere slik. Det held å tenkje at ein politikk som dempar konsekvensane av nazistanes freistnad på å utrydde ei folkegruppe, er mest anstendig.

Det er først i 1970- og 80-åra oppbygginga av minnekulturen etter Holocaust går føre seg (sjå til dømes Judt 2008). I denne perioden er dei politikarane som sjølve var del av samfunna før og under andre verdskrigen i ferd med å vike plassen for nye politikarar fødde etter krigen. 68-arane og etterfølgjande generasjonar ser på den andre verdskrigen og etter kvart på Holocaust som minnekultur med sitt generasjonsblikk som er opnare og friare i kraft av historisk avstand. Til dømes vert synet på Israels politikk stadig meir kritisk frå byrjinga av 1970-talet.

Ein påstand om at dagens integrasjons- og innvandringspolitikk djupast sett utgår frå elitanes historiske oppgjer prega av Holocaust-minnet verkar svært vidloftig, som eg kjem nærmare inn på. Analysen av eit eventuelt skuldtyrannisk element i opprettinga av Holocaust-senteret kan ikkje utan vidare generaliserast.

Skuldtyranniske konsekvensar

Slik eg forstår Nils Rune Langeland er han kritisk til den multikulturalistiske vendinga som følgjer av det påståtte skuldtyranniet. Skuldtyranniet legitimerer innvandringa og hindrar Noreg i å hevde vår etnisk-kulturelle stordom (Langeland 2012c).² Tankegongen kviler på to empiriske premiss som bør undersøkjast nærmare. Kva har grunngitt innvandringa til Noreg, og fører Noreg ein multikulturalistisk politikk?

Det er vanskeleg å sjå korleis innvandringspolitikken kan vere ei følgje av historisk skuldkjensle og nasjonalstatleg skam. Norske styresmakter innførte innvandringsstopp i 1975 etter nokre år med arbeidsinnvandring fordi det var bruk for arbeidskraft. I dag er dei store innvandringsgruppene arbeidsinnvandrarar og familieattførde. Arbeidsinnvandringa er regulert gjennom eøs-avtalen, ein avtale Noreg inngjekk av nytteomsyn; og familieattføring skjer for at ektefolk og foreldre og barn skal kunne bu i same land. I tillegg mottar Noreg vår del av verdas flyktingar og asylsøkjarar. Men den politiske kampen har i årevis dreia seg om kva som

kan få ned talet på asylsøkjarar. Internasjonalt er dei største mottakarlanda av flyktningar kolonialismens offer, ikkje kolonistlanda.³ I debatt om bistands-, handels- eller innvandringspolitikk er det ikkje lett å få auge på tematisering av nasjonalstatens arvesynder. Det indikerer at politikarane hender ikkje er bakbundne med historias eige rep.⁴

Også premissen om ein multikulturalistisk integrasjonspolitikk kallar på nyansering. I Noreg er skule, arbeidslivsorganisering og velferdsstat retta inn på at alle skal jobbe, og at alle skal vere med i dei same fellesinstitusjonane – det mot-sette av ein politikk for parallelle kultur- ar eller grupperettar. Få land fører ein mindre multikulturalistisk integrasjonspolitikk enn Noreg (Banting et al. 2006: 86). Ein kan spørje om det ikkje stundom vert ført ein anti-multikulturalistisk politikk som er opplagt urettferdig andsynes minoritetane. Det vert til dømes sett på som eit stort problem om muslimar ynskjer bønnerom på ein vidaregåande skule medan kristne «lag» i alle år har hatt andakter kvar veke.⁵

Multikulturalismen og menneskerettane

I Nils Rune Langelands idéhistoriske syntetisering viser minnekulturen om Holocaust oss nasjonalstatens folkemordspotensial; multikulturalismen viser nasjonalstatens etnisk-kulturelle slagseite i dag. Skuldsivilisasjonen utgjer koplingspunktet mellom minnekulturen og multikulturalismen, og ut av det kjem kravet om at nasjonalstaten anten må «sikrast sivilisatorisk eller overvinnast». Her får menneskerettane ei rolle. Langeland indikerer skepsis til ein menneskerettsrevolusjon som kan vere med på å tømme nasjonalstaten for etnisk-kulturell patriotisme (Langeland 2012a: 315).

Dersom menneskerettserklæringa i 1948 summerer opp ein sivilisatorisk lærdom, var denne å setje det universelle individuelle vernet i høgsetet og at kollektive rettar skulle tonast ned (Kymlicka 2007: 29). Menneskerettsutviklinga då krigen enno var ei nær historisk erfaring, gav difor det motsette av det mange i dag kallar multikulturalistisk politikk.

Som Langeland er inne på, vert multikulturalismen seinare i ei sjølverklært liberal utgåve ei forlenging av menneskerettstenkinga i framstellinga til Will Kymlicka, den liberale multikulturalismens fremste talsmann.⁶ Multikulturalistisk filosofi og politikk i dag er i praksis mest relevant for oss i den sjølverklærte liberale utgåva (jf. Kymlicka 2007). Primært handlar denne om å la integrasjonspolitikken vere ein gjensidig prosess der fellesinstitusjonane opnar opp og tar høgde for nye brukargrupper slik at prinsippet om like sjansar gjeld for dei nye minoritetgruppene også. Sjølv oppfattar eg otta for den tamde nasjonalstaten som litt misforstått (jf. Langeland 2012a: 313). 17. mai er ikkje truga av at muslimar får annan mat enn svinekjøt på norske sjukehus.

Mellom skuld og medvitslause

Er skuldsivilisasjon eit treffande omgrep? Påstanden om ein skuldsivilisasjon og eit skuldtyranni impliserer eit tvangssaspekt i dei politiske vurderingane der ein stadig må minne seg sjølv om og vere budd på å stå til rette for historiske ugjerningar i staden for å føre ein politikk basert på nøkterne moralske og pragmatiske kriterium. Historikaren Tony Judt (2008) frykta at oppbygginga av Holocaust som minnekultur lukkast så godt at det resulterte i ein overkompensasjon. Den stadige understrekinga av det historisk unike ved Holocaust kunne bleikne ein sentral lærdom med universell relevans: Hannah Arendts ([1963] 2006) livsviktige innsikt er at vondskapen er banal og kvardagsleg. Det handlar ikkje berre om tyskarar og jødar, skriv Judt, det handlar ikkje ein gong berre om Europa. Det handlar om kor lett det kan vere å stigmatisere, rakke ned på og etter kvart sjå mellom fingrane på hetsen og valden mot ei folkegruppe.

Utfordringa til Holocaust-senteret ligg i å skulle formidle innsikta om den universelle relevansen av det historisk unike. Dermed konkluderer Langeland (2012a: 315) med, som han skriv, at Holocaust vert eit meiningsgjevande nav for multikulturalismen, og at stadig fleire offergrupper prøver å komme seg innanfor sirkelen utanfor navet. Forståinga indikerer at politikarane lar medvit om historisk urettvise legge sterke føringer på minoritetspolitikken. Den påstanden oppfattar eg altså som overdriven.

Det går an å vere samd med Judt i at vi bør forstå og lære av samanhengen mellom nasjonalstatane s folkemordspotensial og vondskapens banalitet utan at vi med det same vert knua av sivilisatorisk skuldkjensle. Nettopp ved å prøve å lære av historia får vi gode svar på dei spørsmåla ein indre skuldtyrann kan stille.

Notar

1 Jamfør Langeland (2012a: 305) for årsakssamanheng (1) og Langeland (2012a: 311–12, 315) for årsakssamanheng (2). Årsakssamanheng (1) oppfattar eg er ein implisitt premiss som er indirekte snarare enn konsist og direkte uttrykt av Langeland.

2 I intervju med *Morgenbladet* seier Langeland at norske elitar har lagt den nasjonale kulturarven bak seg for heller å vere opptekne med dei store og viktige tinga i verda (Langeland 2012c). Han indikerer eit problematisk tomrom når dei kollektive energiane frå store prosjekt dør ut. Slik eg les Langeland, er han på same måten som somme av kommunitaristane i amerikansk politisk filosofi skeptisk til om ein nasjonalisme basert på forfatningspatriotisme à la Habermas har tilstrekkeleg berekraft. Alternativet er den etnisk-kulturelle nasjonalismen, jamfør til dømes Sandel (1996).

3 Jamfør UNCHR, «Global trends 2011». Nettadresse:
<http://www.unhcr.org/4fd6f87f9.html> Lest 28.09.2012.

4 Kanskje bistandspolitikken har eit element av skuldtyranni over seg. Det verkar i så fall saman med eit kosmopolitisk motiv om å hjelpe andre jordbuarar enn dei med norsk statsborgarskap uavhengig av historia. Den norske landbrukspolitikken og norske posisjonar i WTO-forhandlingane er eit slåande døme på at nasjonale interesser ikkje er underordna eit skuldtyranni.

5 Hellerud videregående skole i Oslo skulle i september 2012 ha opna eit stillerom som kunne verte brukt til bøn av muslimar, men skulen vart stoppa av skulebyråd Torger Ødegaard (H). Saka er omtala i mellom anna *Aftenposten* 28.09.2012.

6 Multikulturalismen som politisk program kjem til først i Canada på 1970-talet og deretter som samanhengande politisk filosofi på 1980-talet.

Litteratur

Arendt, H. [1963] (2006). *Eichmann in Jerusalem: A Report on the Banality of Evil*. London: Penguin Classics.

Banting, K., W. Kymlicka, R. Johnston og S. Soroka (2006). «Do multiculturalism policies erode welfare state? An empirical analysis». I K. Banting og W. Kymlicka (red.): *Multiculturalism and the Welfare State*. Oxford: Oxford University Press.

Bruckner, P. ([2006] (2010). *The Tyranny of Guilt: An Essay on Western Masochism*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.

Judt, T. (2008). «The ‘Problem of Evil’ in Post-war Europe». *The New York Review of Books*, 14.02. Nettadresse til artikkelen: <http://www.nybooks.com/articles/archives/2008/feb/14/the-problem-of-evil-in-post-war-europe/> Lest: 04.10.2012.

Kymlicka, W. (2007). *Multicultural Odysseys: Navigating the New International Politics of Diversity*. Oxford: Oxford University Press.

Langeland, N. R. (2012a). «Holocaust og multi-kulturalismen – Holocaust-senteret på Bygdøy og menneskeretsrevolusjonen». *Nytt Norsk Tidsskrift*, 29(3): 305–319.

Langeland, N. R. (2012b). «Holocaust og multi-kulturalismen». *Dagsavisen*, 07.09.

Langeland, N. R. (2012c). «Stompa frå Helvete». Intervju med Langeland av Sten Inge Jørgensen. *Morgenbladet*, 13.09. 2012.

Sandel, M. (1996). *Democracy's Discontent*. Cambridge, Mass. og London: The Belknap Press.

Stortingstidende (1999). Sak nr. 1, 11. mars 1999. *Innstilling fra justiskomiteen om et historisk og moralsk oppgjør med behandlingen i Norge av den økonomiske likvidasjon av den jødiske minoritet under den 2. verdenskrig*.

Weinstock, D. M. (2007). «Liberalism, multiculturalism and the problem of internal minorities». I S. L. Laden og D. Owen (red.): *Multiculturalism and Political Theory*. Cambridge: Cambridge University Press.